



Error! Not
a valid
filename.

AUSTRHEIM KOMMUNE

Innkalling Kommunestyret

Møtedato: 17.02.2022
Møtested: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 18:00 - 22:00

18.00-18.30 Utdeling av Miljøfyrtårn-bevis, ved Alver-ordfører Sara Sekkingstad
18.30-19.00 Orientering om NGIR ved dagleg leiar Bjørn Berg og økonomileiar Ove-Christian Fredriksen.
19.00-19.15 Opplæring om gildskap, ved administrasjonen

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
001/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/22	Godkjenning av møteprotokoll
003/22	Meldingar
004/22	Godkjenning av forprosjekt og tilrettelegging av Årås skule, Kaland skule og Kaland barnehage
005/22	Orienteringssak
006/22	Tilskot til VA til Krossøy
007/22	Tilskot vassleidning - Utkilen
008/22	Supplering med ny vara til RMNF
009/22	Permisjon frå kommunestyret i 2022 - Marita Bru (Bygdelista)
010/22	Tilstandsrapport for skule og barnehage 2021
011/22	Budsjettjustering sjølvkostområde

- 012/22 Aktivitetsplan mot mobbing og krenking for barnehagane i Austrheim
- 013/22 Oppdatering og revidering av delegeringsrelement Austrheim kommune
- 014/22 Strategisk kompetanseplan 2022-2026
- 015/22 Frå kontrollutvalet - Rapport frå eigarskapskontroll: Eigarstyring i Austrheim kommune - til kommunestyrehandsaming

Dato

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/1364

Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/1364

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 16.12.2021

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/1364

Meldingar

Underliggende saker

Saksnummer	Tittel
003/22.1	Austrheim kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 02.02.2022
003/22.2	Høyring - grenseregulering av namsmannsdistrikt i Vest politidistrikt - sentralisert namsmyndigheit
003/22.3	Om utviding av IKT Nordhordland
003/22.4	Årsmelding for miljøretta helsevern Nordhordland og Gulen 2021
003/22.5	RMNF ønskjer støtte frå kommunestyret - gangveg langs fylkesveg
003/22.6	Utsending av protokoll frå møtet i RMNF 1. februar 2022
003/22.7	Særutskrift - sak 10/22: Årsmelding for Austrheim kontrollutval 2021 - til kommunestyrehandsaming
003/22.8	Utsending av protokoll frå møtet i Eldrerådet 1. februar 2022

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FE-614, FA-B0	21/1120

Godkjenning av forprosjekt og tilrettelegging av Årås skule, Kaland skule og Kaland barnehage

Vedlegg

AIL - Innspel til plan for tilrettelegging av Årås skule

Styringsgruppa: Val av løysing for tilrettelegging av Årås skule og godkjenning av forprosjekt Kaland skule

Kaland_Funksjonsbeskrivelse_D01

A-20-01-01 Ny plan 01. etg

A-20-02-01 Ny plan 02. etg

L-10-00-01_D01

F-20-01-01

F-20-02(01)-01

A-20-01-01 - Ny plan 01 etg

A-40-00-01 - Prinsippsnitt

F-20-01-01

Årås skule - funksjonsbeskrivelse_D01

Framlegg til vedtak:

Forprosjekt for ombygging/tilrettelegging av Årås skule og Kaland skule og Kaland barnehage vert godkjent slik det ligg føre. Kostnadsramma er sett til kr 35 mill. Finansiering vert gjort gjennom låneopptak på kr 25 mill i 2022 og kr 10 mill i 2023. Prosjektet har mål om å vera ferdigstilt til skulestart 2023.

Følgjande delprosjekt skal prioriterast i følgjande rekkjefølgje:

1. Kaland skule og barnehage
2. Årås skule
3. Utomhusplan

Forprosjektet vert delt i to prosjekt, eit for Årås og eit for Kaland. Prosjekta er inkl. utomhusarealet. Prosjekta vert tilrådd lagt ut på anbod snarast.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Formannskapet gjorde i møte 25.11.2021, sak 131/21 følgjande vedtak:

FS-vedtak:

1. Det skal byggjast tilbygg på Årås skule.
2. Kaland 1 skal rivast.
3. Det skal byggjast tilbygg på Kaland skule.
4. Kaland skule skal innreist slik at gymnastikksalen også i framtida kan nyttast til storstove i lokalmiljøet.
5. Ein skal i størst mogeleg grad ta vare på dagens spesialrom.
6. Uteområda skal opparbeidast slik at desse vert ryddige og trivelege opphaldsplassar for elevane, samt enkle å vedlikehalda.
7. Transportløysingane ved skulane skal avspegla at Austrheim kommune er ein trafikksikker kommune.
8. Kommunedirektøren skal sikra at tiltaka ikkje overstig 35 millionar kroner.
9. Kommunedirektøren legg fram eit framlegg til endelege løysingar for Årås og Kaland skular for formannskapet i februar

Norconsult har i etterkant av vedtaket frå formannskapet arbeidd med å tilpassa og finna gode og tenlege løysingar innanfor rammene gjeve i vedtaket og innanfor kostnadsramma.

Det har teke tid å utarbeida nye og justerte skisser i tråd med vedtaket. Ein har hatt mål om at dette skal vere klart til formannskapsmøtet og slik at ein også kunne få dette ut i noko tid før møtet, men det vert vanskeleg.

Norconsult har gjeve melding om at dei vil ha endeleg skisseprosjekt og framlegg til løysingar klar til 02. februar. Desse vil bli lagt fram og gjennomgått i formannskapsmøtet. Representant for Norconsult vil vere tilstades i møtet og gjere greie for evt spørsmål i tillegg til administrasjonen.

Kommunalsjefen har gjennomført involvering ved justert skisseprosjekt i tråd med vedtaket i formannskapet.

Ein tilrår at prosjektet vert delt opp i to anbudsprosjekt, eit for Årås og eit for Kaland skule og barnehage. Begge prosjekta inkluderer utomhusplan.

Endeleg kostnadsramme vil vere avhengig av tilboda ein mottek gjennom anbudsprosessen. Ein vonar oppstart i løpet av våren og prosjekta har mål om å vera ferdigstilt innan skulestart 2023.

Laust inventar ligg ikkje inne i prosjektet no, og det må i så høve koma i eiga sak.

Forprosjektet vert lagt fram også for bedriftshelsetenesta og Miljøretta helsevern for innspel.

Vurdering

Skisseprosjektet og kostnadsramme vert lagt fram og gjennomgått i formannskapsmøtet 03. februar.

Endringane slik dei no skal liggja føre er gjort i tråd med vedtak og overordna føringar frå formannskapet.

Framdriftsplan vil vere at når vedtak om forprosjekt er gjort, vil anbod setjast i gong. Når ein landar anbod innanfor gjevne rammer, vil tildeling skje og vonleg oppstart i løpet av våren.

Utomhusplan er noko redusert gjennom forprosjektet. Det må sjåast på om meir kan realiserast også gjennom søknad om tippemidlar. Kommunedirektøren blir beden om å prioritere utomhusplan inn i arbeidet med plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (FIFA).

Kaland 1 ein hadde i januar vasslekkasje som medførte kortslutning og at straumen ikkje lenger er i funksjon i bygget. Kostnadsramme til å ordne vil liggje på om lag kr 200 000,-. Kommunedirektøren har vurdert til at det ikkje er føremålstenleg å nytte midlar på å setje Kaland 1 i stand for ein kort periode og vedtak ligg om at den skal sanerast. Kaland 1 er teken ut av drift og praktisk-estetiske fag er flytta inn i hovudskulen og mat- og helse vil gjennomførast ved at elevane vert transportert til Årås skule. Kaland 1 vert rydda og vert ikkje sett i stand.

Kommunedirektøren ber kommunestyret gje signal på kva prioriteringsrekkefølge prosjekta skal ferdigstillast, dersom ein må gjennomføra prosjekta etappevis. Ein tilrår at Kaland vert prioritert høgast då situasjonen er meir prekær ved at Kaland 1 er ute av drift. Kostnadsramma er sett til totalt kr 35 mill, med låneopptak på kr 25 mill i 2022 og kr 10 mill i 2023. Mål er at prosjekta skal vere ferdigstilt innan skulestart 2023. Ein tilrår at om ein må dele opp, kan utomhusplanen prioriterast sist i prosjektet.

I formannskapsmøtet 03.februar orienterte kommunalsjef Trine Jansen om framdrift og prosjektet. Det blei også avklara at alle vedlegg ikkje blir sendt ved, men teikningar og funksjonsskiildring for begge skulane.

Konklusjon

Framlegg til endeleg forprosjekt vert lagt og gjennomgått i møtet. Prosjektansvarleg hos Norconsult vil vere tilstades og gå gjennom i møtet.

Kommunedirektøren tilrår at det vert gjort følgjande vedtak:

Forprosjekt for ombygging/tilrettelegging av Årås skule og Kaland skule og Kaland barnehage vert godkjent slik det ligg føre. Kostnadsramma er sett til kr 35 mill. Finansiering vert gjort gjennom låneopptak på kr 25 mill i 2022 og kr 10 mill i 2023. Prosjektet har mål om å vera ferdigstilt til skulestart 2023.

Følgjande delprosjekt skal prioriterast i følgjande rekkjefølgje:

- 1. Kaland skule og barnehage*
- 2. Årås skule*
- 3. Utomhusplan*

Forprosjektet vert delt i to prosjekt, eit for Årås og eit for Kaland. Prosjekta er inkl. utomhusarealet. Prosjekta vert tilrådd lagt ut på anbod snarast.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/1364

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/22	Formannskapet	PS	03.02.2022
006/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	Gbnr-164/1,18,27,16,28,15	20/4826

Tilskot til VA til Krossøy

Vedlegg

Søknad om kommunal dekning av kostnader ifbm. framføring av vatn til Krossøy - gbnr 165/1,15,28,18,16,4,27,24,36,5,35,34

Kart

Kostnadsoversikt - vassleidning Krossøy

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune vil ikkje overta drift og vedlikehald på omsøkte vassleidningaar. Grunngevinga er at desse ikkje oppfyller krav i VA-normen til Austrheim kommune. Kommunen kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidningar grunna at eit slik tilskot må førast i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskot over drift på VA i budsjett for 2022.

Formannskapet - 009/22 - 03.02.2022

FS - behandling:

Einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka.

- Det er ikkje kapasitet igjen på denne leidningen som er lagt. Kan ikkje bruka investeringsmidlar, då dimensjonen er for liten til overtaking, tar etter vedteken VA-norm berre over vassleidningar som er 100 millimeter eller større, denne er 50 millimeter.

Ordførar Per Lerøy spurte om kva dialog utførande røyrleggar har hatt med kommunen om dette, Myrmel svara at det ikkje har vore dialog om dimensjonen, men dette ligg ope i den kjente VA-norma. Til dei fire hyttene det var tale om i starten var det OK, men det er ikkje kapasitet til meir. No har fleire hus og hytter kopla seg på i etterkant.

Inger Lise Brekke (H) spurte om det er kommunen som får utfordringa om ein tek over anlegget, og det viser seg at det er for lite. Myrmel svara at det er korrekt, og at det alt i dag er store

trykkvariasjonar sommarstid med dei som er tilkopla. Burde vore 100 mm for nok og jamn forsyning. Med dagens leidning treng dei evt. trykktank for å halda jamt trykk, og det vert fort kommunen sitt ansvar at dette fungerer, om ein overtek anlegget.

Myrmel la til at det vil kosta nokre 100.000 å bytta denne vassleidningen til 100 millimeter, det kan ein få dekkja inn ved å krevja inn tilknytingsavgift frå dei som skal knytast på.

--

Ordførar Per Lerøy etterlyste arbeidet med vassleidning til Førland, og viste til vedtak frå kommunestyret om prioritering av dette. Her svara Myrmel at det står att noko arbeid for å sikra dobbel vassforsyning til vasstårnet på Årås, der må det leggast ny leidning frå det gamle kommunehuset og til vasstårnet.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Austrheim kommune vil ikkje overta drift og vedlikehald på omsøkte vassleidningaar. Grunngevinga er at desse ikkje oppfyller krav i VA-normen til Austrheim kommune. Kommunen kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidningar grunna at eit slik tilskot må først i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskot over drift på VA i budsjett for 2022.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Søknad frå bebuarar/hytteigarar på Krossøy om tilskot til fellesanlegg fram til kommunalt vassverk. Søknaden gjeld og overtaking av vassleidningen til drift og vedlikehald

Bustader og hytter på Krossøy er tilknytt offentleg vann via ein privat vassleidning som går i sjø fram til kommunal kum ved Langøy. Leidningen er lagt og har ein dimensjon på 50mm til 12 eigedommar.

Vurdering

Austrheim kommune ynskjer ikkje og overta drift og vedlikehald på leidningar under 63 mm. Tilskot til leidningar ein ikkje overtek må først i drift. Ein kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidning utan overtaking. Dette grunna at eit slik tilskott må først i drift.

Austrheim sin VA norm seier:

5.4 Minstedimensjon

Minste dimensjon for offentleg leidning er normalt 100 mm, dersom det ikkje er krav til brannvatn.

Minste dimensjon for offentlig ledning ved krav til brannvatn er normalt 150 mm.

Konklusjon

Austrheim kommune vil ikkje overta drift og vedlikehald på leidninga da den ikkje oppfyller krav i VA normen. Kommunen kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidning grunna at eit slik tilskot må førast i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskot over drift på VA i budsjett for 2022.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/22	Formannskapet	PS	03.02.2022
007/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	Gbnr-132/4	21/165

Tilskot vassleidning - Utkilen

Vedlegg

Søknad om tilskot til vassleidning i Utkilen - gbnr 132/20

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidning slik søknad ligg føre. Dette grunna at eit slik tilskott må førast i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskott over drift på VA i budsjett for 2022.

Formannskapet - 010/22 - 03.02.2022

FS - behandling:

Einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka. Den aktuelle vassleidningen har ikkje tilfredsstillande kapasitet til at kommunen kan overta denne innanfor investeringsbudsjettet (jamfør VA-norma). Det er ikkje driftsmidlar tilgjengeleg til å overta vassleidningen utan at det er investering.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Austrheim kommune kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidning slik søknad ligg føre. Dette grunna at eit slik tilskott må førast i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskott over drift på VA i budsjett for 2022.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Søknad frå bebuarar på Utkilen på tilskot til privat fellesanlegg fram til kommunalt vassverk. Søknaden gjeld ikkje overtaking av vassleidningen,

Bustader og hytter i Utkilneset er tilknytt offentleg vann via en privat vassleidning som går gjennom Kilstraumen. Gjennom årene har vassleidningen en rekke gangar gått lekk som følge av slitasje den sterke straumen påfører leidningen. Reparasjonar og utskiftingar har kostet bebuarane betydelege summer. Traseen, gjennom Kilstraumen, var en midlertidig løysning i påvente av et nytt offentleg tilknytingspunkt nærmare Utkilneset.

Nå er den kommunale infrastrukturen utbetre, og alternative trassere for ny vasstilførsel funne. Kommunen ønsker at vasstilførselen går over land. Bebuarane har i dialog med kommunens VA avdeling funne en alternativ trassee. Den går over Reidunn Fagerdal sin grunn (Gnr. 132/4) og vidare over Randi Utkilens tomt (Gnr 132/6). Fagerdal og Utkilen har begge gitt sin aksept. Vassleidningen er prosjekterer for ein kapasitet til nåverande og framtidige eigendomar på Utkilneset og omkringliggende tomter og hus.

Vurdering

Austrheim kommune kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidning slik søknad ligg føre. Dette grunna at eit slik tilskott må først i drift.

Austrheim sin VA norm seier:

5.4 Minstedimensjon

Minste dimensjon for offentlig leidning er normalt 100 mm, dersom det ikkje er krav til brannvatn. Minste dimensjon for offentlig leidning ved krav til brannvatn er normalt 150 mm.

Søknaden oppfyller ikkje krav i VA normen for overtaking til offentleg leidning utan dispensasjon.

Økonomi

Det er ikkje avsett midlar til tilskott i drift på VA i 2022.

Konklusjon

Austrheim kommune kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidning slik søknad ligg føre. Dette grunna at eit slik tilskott må først i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskott over drift på VA i budsjett for 2022.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033, HistSak-19/738	21/255

Supplering med ny vara til RMNF

Framlegg til vedtak:

Valnemnda rår kommunestyret til å gjera vedtak om at Haldis Lillian Dyrnes blir valt til varamedlem for Odd Øksnes i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF), frå no av og ut valperioden (ut 2023).

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Det må gjerast eit suppleringsval for eit varamedlem til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF).

Vurdering

Det skal veljast ny personleg vara for leiar Odd Øksnes. Denne plassen er det LLP (Landsforeningen for Pårørende innen Psykisk helse) som har hatt. Administrasjonen har vore i kontakt med LPP sitt kontor i Bergen. Dei kom med framlegg til medlemmer i Austrheim som kunne vera aktuelle for denne varaplassen.

Administrasjonen kontakta kandidatane LPP hadde, og Haldis Lillian Dyrnes har sagt at ho kan ta dette vervet. Formelt sett er det kommunestyret som vedtek dette.

Elles er det slik at sjølv om Dyrnes blir personleg vara for leiar Odd Øksnes, så er det jo nestleiar Ann Kristin Leirvåg som fungerer som leiar dersom Øksnes skulle ha fråvær.

Konklusjon

Haldis Lillian Dyrnes blir valt til varamedlem for Odd Øksnes i Rådet for menneske med nedsett

funksjonsevne (RMNF), frå no av og ut valperioden (ut 2023).

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022
012/22	Formannskapet	PS	03.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-089, FA-B34	21/568

Permisjon frå kommunestyret i 2022 - Marita Bru (Bygdelista)

Vedlegg

Søknad om permisjon frå verv som kommunestyrerepresentant

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gje Marita Bru permisjon frå vervet som kommunestyrerepresentant, ut 2022. Bru har ikkje høve til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over, men er tilbake i kommunestyret frå 1. januar 2023.

Formannskapet - 012/22 - 03.02.2022

FS - behandling:

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gje Marita Bru permisjon frå vervet som kommunestyrerepresentant, ut 2022. Bru har ikkje høve til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over, men er tilbake i kommunestyret frå 1. januar 2023.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Marita Bru (Bygdelista) har søkt om permisjon frå vervet som kommunestyrerepresentant, for året 2022. I søknaden viser Bru til høg arbeidsbelastning i samband med innkjøring av ny legepraksis,

samt aktivitetar i samband med vidareutdanning i allmenmedisin.

Bru representerer Bygdelista for perioden 2019-2023, sidan mai 2020 som fast medlem i kommunestyret.

Vurdering

Lovgrunnlaget som omtalar dette med fritak er:

«Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)» i 7-9. Uttreden og fritak»

... Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt....

Kommuneloven er ganske nyleg fornya, og også punktet om fritak var gjennom ei omfattande vurdering. I Stortingsproposisjon 46 L (2017 – 2018) kan ein lesa vurderingane som er gjort for lovteksten slik den er i dag. Om fritak er det i dette arbeidet sagt mellom anna:

Når det gjelder muligheten til å få fritak fra vervet når man først er valgt, mener utvalget at vilkårene fortsatt skal være strenge for å få fritak. Utvalget foreslår enkelte justeringer i utformingen av reglene for å klargjøre innholdet i vilkårene for å kunne bli innvilget fritak. Vilåret i dagens fritaksbestemmelse er at den folkevalgte ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet. Hva som er uforholdsmessig vanskelighet er i stor grad skjønnspreget.

Det vil fortsatt være en skjønsmessig og konkret vurdering, men utvalget foreslår at vurderingstemaet skal være om ivaretagelsen av vervet fører til vesentlig ulempe for den folkevalgte. Utvalget foreslår videre at det ved vurdering av fritakssøknaden skal legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent da den folkevalgte samtykket i å bli valgt. Forutsetning for fritak bør som hovedregel være at forholdet ikke har vært kjent for den folkevalgte på samtykketidspunktet.

Det er altså avgjerande for å gje fritak at ein vurderer at vervet som folkevald fører til vesentleg ulempe for representanten, at dette ikkje var kjent då vedkommande sa seg villig til å stå på liste, og at føresetnadene for fritak ikkje var til stades på det tidspunktet.

I dette tilfellet er det ikkje vanskeleg å sjå at det er krevjande å vera nyttilsett lege, i ein periode med ekstra arbeidspress på grunn av Korona, og at det særleg kan vera vanskeleg å møta på dei kommunestyremøta som startar på dagtid. Bru var under utdanning då ho stilte til val, og sjølv om ho sikkert visste at det er eit krevjande yrke, kan ein ikkje seia at det totale arbeidsomfanget burde vera klart for representanten på det tidspunktet.

Mot å gje fritak må ein vurdera om dette kan gje presedens. Det vil vera også andre representantar som har krevjande arbeidsoppgåver, og som må jobba mindre enn dei kunne for å kunna skjøtta vervet som folkevald.

Vidare er plassen i kommunestyret eit resultat av ein har lova veljarane å kjempa for visse politiske saker, og denne «kontrakta» mellom veljarane og representantane gjeld dei fire åra som valperioden varer. Alt dette talar for at lista må leggast høgt for å gje fritak, for ei avgrensa tid eller ut valperioden.

Men dersom ein skulle ha sagt nei til søknaden om fritak, måtte det også betydd ein mykje strengare praksis for vurderingar kring fritak for enkeltmøte. I dag er det krav om å melda frå skriftleg på førehand om ein ikkje kan møta, slik at det er mogleg å kalla inn vara. Men det er ikkje stilt særlege krav til å grunngje fråfallet.

Dersom kommunestyret gjev Bru permisjon ut 2022, vil valnemnda gjera eit arbeid med å erstatta Bru der ho har plass i ulike utval. Plassen i kommunestyret vert ordna med opprykk frå varalista.

Konklusjon

Formannskapet rår kommunestyret til å gje Marita Bru permisjon frå vervet som kommunestyrerepresentant, ut 2022. Bru har ikkje høve til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over, men er tilbake i kommunestyret frå 1. januar 2023.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Trine Merete Jansen	FA-A10, FA-A20, FA-A00	22/205

Tilstandsrapport for skule og barnehage 2021

Vedlegg

Tilstandsrapport for barnehage og skule 2021 til orientering i KS

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek tilstandsrapporten for barnehage og grunnskule 2021 til orientering.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Regjeringa har fastsett mål knytte til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr 31 (2007-2008). Til dei nasjonale målsetjingane har regjeringa sett opp indikatorar som skal gi grunnlag for å vurdere kor langt skoleeigaren er kommen i å nå måla.

I Austrheim legg vi vekt på å sikre «ein raud tråd» gjennom oppveksten til barn og unge, og difor legg vi fram samla tilstandsrapport for barnehage og skule.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret tek tilstandsrapporten for barnehage og grunnskule 2021 til orientering.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/22	Formannskapet	PS	03.02.2022
011/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-150	22/94

Budsjettjustering sjølvkostområde

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjustering innan sjølvkost området VA-Investering.

Formannskapet - 011/22 - 03.02.2022

FS - behandling:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjustering innan sjølvkost området VA-Investering.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vi har no avslutta rekneskapan for investering som gjaldt 2021 og det syner at det er behov for å auka budsjettet for VA investering frå 12 millionar til 15,6 millionar. Områda som vi har avvik på er:

1. Oppgradering av VA-anlegget i delar av Kaland feltet, som ikkje låg inne i budsjettet for

2021. Kostnaden med dette er for 2021 berekna til 1,7 millionar.

2. Delkostnader knytta til Utkilen-Mastrevik er belasta 2021, medan dette budsjettmessig ligg inne i 2022. Avviket for 2021 er 1,9 millionar kroner på Utkilen-Mastrevik og gjer at ein kan redusere budsjettløyvinga til Utkilen- Mastrevik tilsvarande i 2022.

Vurdering

Oppgradering av VA-anlegget i deler av Kaland feltet.

Vi syner til kommunestyret 20.05.2021 kor Kommunalsjef Service og forvaltning Thomas Lindås orientere om utskifting av VA-rør i Kaland feltet. Det vart her orientert om at det var sett 2,5 millionar til VA utbygginga i Kaland feltet, og at ein rekna med at meirkostnaden kom til å bli 1,5 millionar som flg. av tette og delvis øydelagde rør. Vi har no tala klare for 2021 og dei syner ein meirkostnad på 1,7 millionar, utover dette er det for 2022 rekna fram ein kostnad på 1,2 millionar. Dette gjeld arbeid med at parkeringsplassen må gravast opp, piggast, sprengast og at det skal leggjast pumpeleidning og nye OV leidningar. I tillegg kjem sluttarbeid slik som asfaltering, justering, kantstein o.l. når det vårast.

Delprosjekt Utkilen-Mastrevik.

Dette prosjektet vart starta opp i november/desember i 2021 slik at fyrste delbetaling til utførande entreprenør vart i desember 2021. Samla vart det utbetalt 1,9 millionar kroner til dette prosjektet i 2021, slik at vi kan redusere forbruket på dette prosjektet i budsjett 2022 tilsvarande.

Konklusjon

Det blir gjennomført ei budsjett justering kor budsjettet for VA investering vert endra frå 12 millionar til 15,6 millionar kroner. Samla budsjett endring vert på kroner 3,6 millionar som vert finansiert gjennom auka låneoptak i samband med sjølvkostområde VA.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
012/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Trine Merete Jansen	FA-B08	22/82

Aktivitetsplan mot mobbing og krenking for barnehagane i Austrheim

Vedlegg

Tiltaksplan mot mobbing

Framlegg til vedtak:

Aktivitetsplan mot mobbing og krenkingar for barnehagane i Austrheim vert teke til orientering

Saksopplysninger:

1. januar 2021 fekk barnehagen eit nytt regelverk for barnehagemiljø. Den nye lova skal syte for at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag. Endring i barnehagelova krev at barnehagane jobbar systematisk for å førebyggje utestenging og mobbing, og at ein skapar eit godt miljø der barna trivast og er sosialt inkludert.

Vurdering:

Lovendringa inneber ei aktivitetsplikt som krev at barnehagane følgjer med på korleis barna har det, og undersøker og set inn tiltak når personalet har mistanke om at eit eller fleire barn ikkje har det bra i barnehagen. Aktivitetsplikta gjeld også i tilfelle der det er føresette som melder i frå. Barnehagen skal etter dette utarbeide ein skriftleg plan for korleis barnehagen skal følgje opp barnet eller gruppa.

Dersom ein skal sikra at dette arbeidet vert følgt opp i tråd med lova, må barnehagane ha ein plan for dette arbeidet.

Konklusjon:

Aktivitetsplan mot mobbing og krenkingar for barnehagane i Austrheim vert teke til orientering

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
015/22	Formannskapet	PS	03.02.2022
013/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FE-044	22/104

Oppdatering og revidering av delegeringsrelement Austrheim kommune

Vedlegg

Framlegg til oppdatert/revidert delegeringsreglement for Austrheim kommune
Delegeringsreglement for Austrheim kommune - sist revidert 04.04.2017

Framlegg til vedtak:

Framlegg til revidert [Delegeringsreglement | Austrheim \(kf.no\)](#) for Austrheim kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Formannskapet - 015/22 - 03.02.2022

FS - behandling:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.
Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for nytt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Framlegg til revidert [Delegeringsreglement | Austrheim \(kf.no\)](#) for Austrheim kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Delegeringsreglementet for Austrheim kommune vart sist revidert i 2017. Kommuelova er endra sidan delegeringsreglementet vart vedteke, det er også gjort organisatoriske endringar, samt

endring frå rådmann til kommunedirektør.

Delegeringsreglementet er publisert digitalt og ein finn det på følgjande lenkje:

[Delegeringsreglement | Austrheim \(kf.no\)](#)

Ved å ha ei digital deligeringsreglement gjer det lett å oppdatere når nye lovendingar kjem, endringar gjort av kommunestyret og ved vidaredelegering i administrasjonen. Det er også open og lett tilgjengeleg for alle slik at ein skal lett kunne gjere seg kjend med delegeringsreglementet både politisk og administrativt for Austrheim kommune.

Kommunelova §5-14 stadfestar at kommunestyret sjølv skal fastsetje eit reglement for delegering og innstilling. Dette skal gjerast innan 31. desember året etter at kommunestyret vart konstituert. Det sist fastsette reglementet og eventuelle andre vedtak om delegering og innstillingsrett gjeld inntil nytt reglement er fastsett. Gjeldande delegeringsreglement som sist vart endra i 2017, ligg ved saka.

Det har ikkje vore gjort endringar i reglementet etter at nytt kommunestyre vart konstituert. Sidan det har vore gjort ein del endringar, ny kommunelov og for å få eit meir oppdatert og tenleg delegeringsreglement, vert det no lagt fram til godkjenning.

Det vil bli utarbeidd retningslinjer for politiske organ og oppdatering av andre reglement som ein konsekvens av internkontroll, rutiner og delegeringsreglement.

DELEGERINGSREGLEMENT FOR AUSTRHEIM KOMMUNE

Austrheim kommune pliktar å ha eit gyldig delegeringsreglement som gjev innbyggjarane, politikarane og dei tilsette eit oversyn over kva for mynde politikarane har delegert til dei underliggjande politiske organ og kommunedirektøren, kva som er delegert vidare og kva organ som har innstillingsmynde, jf. kommuneloven § 5-14.

Målsetjing

Ei viktig målsetjing for å delegera mynde er å gjera arbeidsformer og vedtaksprosessar mest mogleg tenlege og effektive.

Ved å delegera mynde frå kommunestyret til politiske organ gjev ein politikarane meir tid til å drøfta og vedta saker og retningslinjer som av overordna og prinsipiell karakter.

Ved å gje administrasjonen mynde til å ta avgjerd i kurante og ikkje prinsipielle saker, vil ein m.a. kunna oppnå at politiske organ får nytta meir tid til prinsipsaker og utviklingsaker / plansaker.

Som ikkje prinsipielle saker reknar ein her saker der avgjerda i stor grad er fagleg prega, følg direkte av lov, føresegner / regelverk eller frå kommunen sine eigne planvedtak eller retningslinjer og som såleis har lita grad av skjøn ved seg.

Delegeringsprinsipp

Følgjande prinsipp er lagd til grunn for utarbeiding av delegeringsreglementet: Ein skal:

- på ein tydeleg måte syna kven som har ansvar og mynde.
- plassera avgjerdsmynde til lågast mogleg nivå.
- leggja til rette for ein effektiv vedtaksprosess
- ivareta og sikra likskap og rettar for publikum
- laga gode rutinar for rapportering ved utøving av mynde

Kva er delegering?

Delegering betyr overføring av mynde frå eit organ til eit anna. Den ein delegerer til kan treffe avgjerder innan vedtaket sine rammer på vegne av den som delegerer.

Delegering av mynde inneber ikkje at det organet som delegerer gjev frå seg ansvar eller mynde på vedkomande område. Den som delegerer mynde kan når som helst ta dette tilbake.

Hovudprinsipp

Etter kommunelova er alt mynde lagt til kommunestyret.

Kommunestyret kan delegerer myndet til andre politiske organ eller til kommunedirektøren med mindre det er bestemt at myndet ikkje kan delegerast.

Sjølv om eit mynde etter lova ikkje kan delegerast, kan kommunestyret gjere vedtak om at formannskapet eller anna fast folkevald organ kan gjere vedtak i saker når det ikkje er tid til å kalle inn vedtaksorganet, kommunelova § 11-8 hastevedtak.

Delegeringsmyndet kan delegerast vidare og det kan kallast tilbake både generelt og i enkeltsaker. Den som har fått delegert eit mynde kan også la vere å gjere bruk av delegeringa og heller la eit overordna organ avgjere saka.

Den som delegerer mynde kan når som helst ta attende det myndet som er delegert, og det delegerande organet har alltid høve til sjølv å treffa vedtak på vedkomande område utan først å måtta kalla attende det generelle delegeringsvedtaket.

I ein fleksibel organisasjon som ein kommunen bør vera, vil mynde og arbeidsoppgåver endra seg over tid. Delegeringsreglementet må difor haldast ajour i høve til dei endringar som vert gjorde.

1. Kommunestyret er det øvste avgjerdsorganet

Kommunestyret er det øvste kommunale organet. Det treff vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak, jfr. Kommunelova § 5-3.

Delegert mynde skal utøvast i samsvar med kommunestyret sin intensjon.

All delegert mynde må brukast i samsvar med lover, forskrifter og retningslinjer gjevne av overordna organ, og innanfor godkjende budsjettammer og føresetnader.

2. Avgjersler som ikkje kan delegerast.

Kommunestyret skal avgjere alle saker som gjeld vedtak av kommunale føresegner, folkevald organisering, den administrative hovudstrukturen, kommuneplan, kommunedelplanar, budsjett, økonomiplan, og saker som til ei kvar tid etter kommunelov, særlover og delegeringsreglementet er lagt til kommunestyret sjølv.

3. Prinsippet om maksimal delegering

Delegering av avgjerdsmynde frå kommunestyret til folkevalde organ og kommunedirektøren, kan i prinsippet tildelast fullt ut i alle saker der ikkje anna følgjer av lov. I Austrheim kommune gjeld prinsippet om maksimal delegering.

Det betyr at mynde kan delegerast til lågaste nivå innanfor ramma av lovverk og så langt kommunestyret har gjort vedtak.

4. Delegering frå kommunestyret til folkevalt organ

Kommunestyret delegerer mynde til politiske organ ut frå det enkelte organ sitt ansvarsområde i samsvar med reglementet.

5. Delegering frå kommunestyret til kommunedirektøren

Med mindre kommunestyret eller lov og føresegn har avgjort noko anna, gjev kommunestyret kommunedirektøren mynde til å treffe vedtak i alle enkeltsaker og type saker som kommunedirektøren vurderer til ikkje å vere av prinsipiell avgjerd.

All delegering til administrasjonen skjer til kommunedirektøren.

6.. Prinsipiell/ikkje prinsipiell sak

Kommunedirektøren pliktar sjølv å ta stilling til om ei sak er av prinsipiell avgjerd eller ikkje, og om den skal handsamast av folkevald organ.

Er kommunedirektøren i tvil om ei sak er av prinsipiell avgjerd skal han rådføre seg med ordføraren/formannskapet.

7. Vidaredelegering

Kommunedirektøren kan delegere vidare til andre i administrasjonen med mindre anna går fram av lov eller vedtak i kommunale organ.

Det blir utarbeidd eit administrativt delegeringsreglement.

8. Tilbakekalling av fullmakt og omgjeringssrett

Kommunestyret eller ein annan instans som har delegert mynde, kan trekkje det delegerte myndet

attende. Dette gjeld også i enkeltsaker.

Eit overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit vedtak fatta av underordna organ innanfor ramma av § 35 i forvaltningslova.

9. Retten til ikkje å gjere bruk av delegert mynde

Den som har fått delegert mynde kan i særskilte tilfelle overlate til overordna organ å treffe avgjerd i ei konkret sak

10. Innstillingsretten

Kommunedirektøren tilrår i saker som skal handsamast i politiske organ.

Ordføraren har også høve til å fremje saker, jr. kommunelova § 11-3

Hastesaker

Formannskapet har slikt mynde, jfr. reglement

§ 4 Hastesaker

Formannskapet kan gjere vedtak i saker som skulle vore avgjort av kommunestyret, når det er nødvendig at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn kommunestyret eller utvalet til møte, jf. kommunelova § 11-8.

Vedtak som vert gjort i medhald av denne fullmakta skal refererast for kommunestyret i neste møte.

Ordføraren

Ordføraren har mynde til å gjere vedtak i hastesaker med heimel i kommunelova § 11-8 første ledd - Mynde til å kalle inn til hastemøte.

Endringar i reglementet

Kommunedirektøren vert gjeven mynde til å føreta endringar i delegeringsreglementet når det er naudsynt tilpassing til lovendringar (vis til heimel etc.) som ikkje er av prinsipiell art.

Kommunedirektøren vert gjeven mynde til å føreta endringar i delegeringsreglementet når det er fatta politisk vedtak om delegering.

Realitetsendringar i delegeringsreglementet skal leggjast fram for kommunestyret for avgjer. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere justeringar av reglementet for å få dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak. Kommunedirektøren kan justere og ajourhalde lovvisningar, formuleringar og liknande som ikke inneber realitetsendringar i reglementet.

Redigering som nevnt over skal føretakast minst ein gong kvart halvår.

Interne spelereglar for bruk av delegert fullmakt

1. Det formelle

Ingen kan treffe avgjerslar ovafor tredjeperson utan juridisk å ha fullmakt til å avgjere den aktuelle saka.

2. Rettstryggleik

Alle som har saker til avgjersle i Austrheim kommune skal sikrast ein korrekt handsaming i tråd med prinsippa i forvaltningslova.

3. Saksførebuing for politiske organ

Saksframstillingar og saksutgreiingar for politiske organ skal fokusere på prinsipielle og kontroversielle sider ved saka som treng politiske avklaringar. Faglege synspunkt og/eller dissensar skal gå fram.

4. Openheit

Administrasjonen må vektlegge openheit ovafor dei politiske styringsorgana og sjølv ta initiativ til å informere når det er grunn til å tru at informasjonen er politisk relevant.

5. Delegering

Delegering er eit uttrykk for tillit frå kommunestyret til underliggjande organ og administrasjonen til å opptre eller forvalte på vegne av kommunestyret.

6. Utfyllande, iverksetjande og ikkje-prinsipielle avgjersler

Delegert mynde omhandlar berre utfyllande bestemmingar i høve til mål/rammer som er gjeven av kommunestyret, oppfølging og iverksetjing av vedtak som kommunestyret har gjort og løpande saker der kommunestyret har gjeve retningslinjer for korleis einskildsaker skal handsamast.

7. Tvil

Er det organ som har fått delegert mynde i tvil om korleis kommunestyret ynskjer at ein type saker skal handsamast, vert saka lagt framfor prinsipiell drøfting og avklaring.

8. Lojalitet

Tilsette med delegert fullmakt og tilhøyrande sakshandsamarar skal aldri ovafor partane kritisere dei politiske retningslinjer som er gjevne for handtering av einskildsaker. Vidare skal einskildpolitikarar unngå offentleg å kritisere einskildavgjersler som er teken, men ta dette opp med administrasjonen

via delegeringsorganet.

Kommunedirektøren utarbeidar administrativt delegeringsreglement i tråd med retten til vidaredelegering, ny organisasjon og vedteke politisk delegeringsreglement for Austrheim kommune.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at det er behov for ei oppdatering og justering av gjeldande politisk delegeringsreglement for Austrheim kommune. Det justerte reglementet erstattar tidlegare reglement.

Kommunedirektøren ser også behov for å oppdatere og justere administrativt delegeringsreglement, der mynde som vert vidaredelegert vert tydeleggjort. Ein legg om til at delegering i stor grad vil verte delegert til funksjon og ikkje knytta til einskildpersonar, slik det har vore gjort fram til no.

Konklusjon

Kommunedirektøren ha følgjande framlegg til vedtak:

Framlegg til revidert [Delegeringsreglement | Austrheim \(kf.no\)](#) for Austrheim kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/22	Administrasjonsutval	PS	03.02.2022
014/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FE-430, HistSak-15/55	22/156

Strategisk kompetanseplan 2022-2026

Vedlegg

Strategisk kompetanseplan 2022-2026 Austrheim kommune

Framlegg til vedtak:

Administrasjonsutvalet (AMU) tilrår at strategisk kompetanseplan 2022-2026 vert vedteken slik den ligg føre.

Administrasjonsutval - 004/22 - 03.02.2022

ADM - behandling:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om arbeidet med ny strategisk kompetanseplan, som skal erstatta den gjeldande planen som var laga for 2015-2020.

Personalkonsulent Wenche Myrmel sa at det er nye felt kommunen treng kompetanse på, og som må innarbeidast no med den nye kompetanseplanen. Det å ha ein kompetanseplan gjer at ein kan få midlar til vidareutdanning, det har ein lukkast med i skuleverket og i helse/omsorg.

Kommunedirektør Fjellhaug sa at det er eit mål at alle tilsette i kommunen skal ha ei fagutdanning. For assistentar og andre utan utdanning legg kommunen som arbeidsgjevar no til rette for at dei skal kunna ta det. Ser at kommunen treng ny kompetanse innan velferdsteknologi, og må også jobba for å få fleire menn i skule/barnehage og innan helse.

Skal også ha betre system på leiaropplæring, flytta det frå happening-basert til systematisk. Skal gå ut til leiarane for å sjå kva dei treng, og laga ein toårig plan for dette. Gjera leiarane i stand til å utføra oppgåvene dei har ute i einingane, og skapa godt leiarskap i Austrheim kommune.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at dette er eit levande dokument som speglar framtidas behov, og viser kva kompetanse kommunen treng i framtida.

Monika Soltveit Gabrielli (arbeidstakarrepresentant) sa at vidareutdanning bør vera både frå eiga interesse og kva som er behovet for kommunen. Veit at det er mange som lurar på å ta utdanning eller vidareutdanning, men synest at det er vanskeleg å komma i gang. Viktig med godt samarbeid med vidaregåande og høgskulane, og leggja til rette. Det er tryggande for dei som skal ta utdanning, at kommunen kan rettleia.

Inger Lise Brekke (H) sa at kompetanseplanen kan brukast i rekrutteringa, at ein ikkje berre rekrutterer på løn men også har dette.

Ordførar Per Lerøy sa at planen er med på å få kommunen til framstå som profesjonell. Kommunen må jobba med å få nyutdanna lærlingar til å ta fagbrevet først, og evt. studiekompetanse (3PÅ) etterpå. I samarbeid med nabokommunar og AVS kan ein få til eit vidareutdanningstilbod innan til dømes velferdsteknologi/helse.

Lerøy fekk støtte av Inger Lise Brekke (H), som sa at det bør takast initiativ for å etablera eit undervisningsopplegg for vidareutdanning innan pleie/omsorg. Hjelpa folk fram til eit fagbrev medan dei står i jobb.

Reidar Øksnes (Sp) viste til at Høgskulen i Akershus har kjørt eit slikt opplegg.

Monika Soltveit Gabrielli sa at det er bra om Austrheim kommune kan vera pådrivar for dette. Gjev eigartilhøve til det faget ein jobbar med.

Kommunedirektør Fjellhaug sa at dette kan vera del av arbeidet med rekruttering, for å trekka til seg fleire tilsette.

Fjellhaug orienterte kort om at det er rekruttert fleire tilsette til legetenesta, og at ein kan sjå på om det er aktuelt å etablera eigen legevakt når Alver kommune som vertskommune har sagt opp avtalen om drift av legevakten.

Handsaming i Administrasjonsutvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ADM - vedtak:

Administrasjonsutvalet tilrår at strategisk kompetanseplan 2022-2026 vert vedteken slik den ligg føre.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Austrheim vedtok i 2015 gjeldande strategisk kompetanseplan for Austrheim kommune 2015-2020. Det har i 2021 vore jobba med ei revidering av planen og ny strategisk kompetanseplan for 2022-2026.

Mandat for revisjonen:

- *Dagens plan skal oppdaterast og i større grad enn i eksisterande plan løfte blikket opp frå detaljert bemanning til eit strategisk- og framoverretta blikk*
- *Oppdaterast i tråd med gjeldande plan sitt innhald og struktur*
- *Arbeidet må involvera aktuelle partar og forankrast i organisasjonen før oppdatert plan vert vedteken*
- *Gjelde for perioden 2022-2026, med revisjon i 2025*

For å underbyggja mandatet for revisjonen er planen delt i to delar:

- Del 1 - Det strategiske bildet
- Del 2 - Status pr. område

Lokale mål og handlingsplanar

Det er gjennomført samtalar med tilsette og leiarar innan ulike fagområda for å sikre involvering og naudsynt informasjonsinnhenting. I desse samtalanene er det også innhenta innspel knytt til mål og handlingsplanar for det enkelte området. Desse innspela er konkrete og gjeld både langsiktige målsetjingar og behov pr i dag, men innspela løftar ikkje nødvendigvis blikket framover. Vi tek dei likevel med i den strategiske kompetanseplanen, men legg dei som vedlegg. Planar for det enkelte fagområdet, og evt. GAP, skal vurderast årleg medan den strategiske planen skal gjelde fram til 2026.

Det er difor del 1 og 2 som utgjer Austrheim kommune sin strategiske kompetanseplan for perioden 2022 – 2026.

Kompetanseplanen er bygd opp med følgjande bakteppe:

- *Basert på data, framtidsutsikter, utviklingstrekk i regionen og nasjonale føringar,- korleis vil dette påverke rammene for Austrheim kommune og kva utfordringar kan det gi?*
- *Korleis skal Austrheim kommune ivareta dei kompetansebehova som kommunen har, ut frå både nasjonale og lokale krav og målsetjingar og kva mål og tiltak skal prioriterast for å svare på det framtidige kompetansebehovet?*

Revisjon av gjeldande plan er gjort av følgjande arbeidsgruppe:

For å sikre involvering og forankring i organisasjonen har følgjande personar danna arbeidsgruppa for utarbeiding av kompetanseplanen:

- Wenche Myrmel – HR
- Britt Ystebø – Austrheim kystbarnehage
- Åse Tresvik Låstad – Nordliheimen
- Stein Kåre Løvslett - NITO
- Janina Fenne – Fagforbundet

DNA Kompetanse AS v/Steinar Halvorsen var leigd inn som ekstern ressurs i arbeidet.

Kompetanseplanen gjeld for heile Austrheim kommune.

Del 3 av planen blir dei lokale kompetanseplanane som legg grunnlag for rekruttering av framtida sin kompetanse og ikkje minst prioritering av naudsynt kompetansebygging i organisasjonen.

Kva er kompetanse?

Kompetanse er eit samansett omgrep som vert definert på ulike måtar, men dei fleste er samde i at kunnskap, dugleik og evner utgjer kjernekomponentane.

Ein definisjon frå Nasjonal kompetansepolitisk strategi for 2017 – 2021:

Kompetanse kan defineres som evnen til å løse oppgaver og mestre utfordringer i konkrete situasjoner, og inkluderer kunnskap, ferdigheter og holdninger.

Kompetanse er såleis eit breiare omgrep enn til dømes kunnskap, som såleis er ein av fleire komponentar i kompetanseomgrepet. Kunnskap vil seie vitskap og innsikt, medan dugleik er å kunne gjere noko i praksis. Med haldningar skal ein forstå meiningar, tru, vilje og innstilling.

Vidare er det vanleg å dele kompetanseomgrepet i to: formalkompetanse og realkompetanse. Det førstnemnde, formalkompetanse, er knytt direkte opp til konkrete utdanningar, medan det sistnemnde, realkompetanse, er knytt til kunnskapar, evner og ferdigheit tileigna gjennom erfaring og sjølvlæring. Både formalkompetanse og realkompetanse er såleis knytt til læring på individnivå.

For Austrheim vil metakompetanse handle om:

- å finne ut kva ein har, og korleis ein kan få til resultatretta kompetanse på eit høgare nivå gjennom samhandling og refleksjon mellom ulike kompetansmiljø som ein disponerer.
- å finne ut kor- og kvifor - ein vil gi kompetanseheving gjennom etter-/vidareutdanning.
- kva ein skal vere ute etter ved rekruttering.
- å bli god på å dele taus kunnskap – både innafor ulike fagfelt og i tverrfaglege samanhengar.
- å bli god på å lære å lære i ulike fellesskap.
- å bli betre på å skape gode praksisar.
- å bli god på å endre praksis når det trengs (endringskompetanse).

Prioritert kompetanseutvikling

Austrheim kommune vil vidareføra dei prioriterte områda frå førre strategiske kompetanseplan - *kompetanseutvikling og rekruttering*. Dette er sentrale område fordi ein i dag har, og framover vil få, eit stort behov for faglærde og folk med høgare utdanning. Samstundes inneber dei demografiske endringane i befolkninga at tilgang på nyutdanna arbeidskraft truleg ikkje vil vere stor nok til å kunne erstatte dei som går av med pensjon. Kompetanseutvikling for dei arbeidstakarane ein allereie har vert derfor viktig. Særskilt viktig vil det vere å utdanne ufaglærte til fagarbeidarar, noko som også vil vere eit viktig ledd i arbeidet med ein heiltidskultur.

For å understøtta dei langsiktige krava og utfordringane som Austrheim kommune vil møte er følgjande område kommunen sine overordna og retningsgivande satsingsområde i planperioden:

- Alle som vert tilsett i kommunen skal ha ei fagutdanning.
- Kommunen vil leggje til rette for at tilsette kan ta fag- og vidareutdanning i tråd med det kommune har behov for.
- Dekkje det auka behovet for årsverk innan helse og omsorg både gjennom tilsetjingar, men også ved andre verkemiddel så som teknologi, digitale løysingar og enda meir oppfølging av eldre heimebuande. Arbeid mot ein heiltidskultur og auka del menn vil også vera

verkemiddel for å svare på det auka ressursbehovet i helse og omsorg.

- Det vil vera naudsynt å auke den digitale kompetansen blant tilsette i kommunen.
- Det vil vera naudsynt å halda fram med å rette merksemda mot innovasjon, endringsvilje og effektivisering.

Vidareutvikling av leiarskapet vil vera viktig for å både oppfylle krava som vert stilt til kommunen, men også for å legge til rette for å implementere punkta trekt fram i denne kompetanseplanen.

Vurdering

Kompetanse handlar om både å rekruttere rett kompetanse til rett teneste, samstundes som det også skal leggjast til rette for kompetanseutvikling for dei som allereie arbeidar i kommunen.

Den strategiske kompetanseplanen legg føringar for prioriteringar innan dei ulike sektorane, samstundes som det er særskilt viktig at kommunen er ein attraktiv arbeidsplass. Det inneber at vi legg vinn på at tilsette aukar kompetansen sin, og at arbeidsgjevar er tydeleg på kva behov ein har.

Vi har utfordringar med å rekruttere til fleire ulike stillingar og vi har sett at det er konkurranse mellom kommunane ved at ein overbyr kvarandre i jakta på arbeidskraft. Alt handlar ikkje om løn, men den totale pakken og moglegheit for fagmiljø, fagutvikling og kompetanseauke gjennom etter- og vidareutdanning.

Område som vert viktig i kompetansen for framtida er:

- a. Innovasjon og teknologi
- b. Mangfald/inkludering
- c. Berekraft/klima
- d. GDPR

Den strategiske kompetanseplanen for 2022-2026 er delt i to delar i tillegg til vedlegg. Planen er delt inn i:

- Del 1: Det strategiske bilete
- Del 2: Status pr område

I vedlegga finn handlingsplanar pr område og oversikt over gjennomførte aktivitetar i perioden 2015-2021.

Økonomi

Den strategiske kompetanseplanen vil få konsekvensar for økonomi. Det må prioriterast gjennom kompetansehevingsmidlar som må leggjast inn i framtidige budsjett.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at strategisk kompetanseplan 2022-2026 blir godkjent slik den ligg føre.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
015/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	22/131

Frå kontrollutvalet - Rapport frå eigarskapskontroll: Eigarstyring i Austrheim kommune - til kommunestyrehandsaming

Vedlegg

Særutskrift - Sak 05/22 - Rapport frå eigarskapskontroll: Eigarstyring i Austrheim kommune - til kommunestyrehandsaming

Oversendingsmail - Særutskrift - Sak 05/22 - Rapport frå eigarskapskontroll: Eigarstyring i Austrheim kommune - til kommunestyrehandsaming

Vedlegg 3 Rapport - Eigarskapskontroll Eigarstyring i Austrheim

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og ber administrasjonen om å følgje opp tilrådingane om å:

- oppdatera eigarskapsmeldinga denne valperioden, i tråd med kravet i kommunelova § 26-1, samt kommunisera den til organa i selskapa til kommunen,
- ha jamlege eigarmøte med selskap der dette ikkje skjer,
- syta for tiltak for å sikra felles føringar frå eigarane i NGIR IKS og Aufera AS, t.d. ein felles eigarstrategi eller ei felles eigarskapsmelding.
- syta for at kommunestyret/formannskapet får lagt fram årsrekneskap, årsrapportar, strategidokument og liknande for selskapa som kommunen har eigarinteresser i for handsaming i forkant av eigarmøte.

Kommunestyret ber administrasjonen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg status om oppfølging av tilrådingane innan 4. kvartal 2022.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Sjå vedlegga, med særutskrift frå Kontrollutvalet med tilråding til vedtak i kommunestyret.

Konklusjon